

## **Revisjon av retningsliner kommunale næringsfond**

### **Fylkesdirektøren rår hovudutval for plan og næring til å gjere slikt vedtak:**

1. Det vert teke inn eit nytt punkt i retningslinene for kommunale næringsfond som lyder slik:

*Kvinner og ungdom er ei prioritert målgruppe ved tildeling av midlar frå kommunale næringsfond. Desse målgruppene bør nemnast særleg i kommunane sine egne retningsliner for kommunale næringsfond, og i utlysingstekstar m.m.*

2. Fylkesdirektøren får fullmakt til å innpasse teksten i eige punkt i retningslinene.

### Prenta vedlegg:

Eksisterande retningsliner gjeldande frå 1.1.2009

## **Saksframstilling**

### **1. BAKGRUNN**

#### Bakgrunn for at saka er reist

I sak om vurdering av prøveordninga med næringsfond for ungdom i oktober 2009, ynskte ikkje hovudutval for plan og næring å vidareføre ordninga i eksisterande form. Men hovudutvalet ynskte framleis å prioritere ungdom som vil starte eiga verksemd, og dette skal gjerast ved å prioritere ungdom i retningslinene for kommunale næringsfond og ved å ta inn satsing på ungdom som eige punkt i bestillingsbrev til Innovasjon Norge.

Når det gjeld kommunale næringsfond skal ikkje endringar i retningslinene ha verknad før året etter at endringa er vedteke, dersom nasjonale føringar ikkje gjer det naudsynt.

#### Historikk - tidlegare vedtak

Hovudutvalet vedtok i januar 2007 nye retningsliner for kommunale næringsfond. I november 2008 vart det gjort endringar i retningslinene, desse gjekk mellom anna på fordelingsnøkkel og stimuleringsstilskot.

Som tidlegare nent kan retningslinene endrast kvart år, men endringar vert ikkje gjort gjeldande før året etter at endringane er vedteke.

#### Andre opplysningar

Midlane som vert nytta til kommunale næringsfond kjem over Statsbudsjettet kap. 551 post 60. I tilsegnsbrev til fylkeskommunen skriv Kommunal- og regionaldepartementet at innanfor måla legg departementet vekt på at målgruppene kvinner og unge skal få eit særskilt fokus. I brev frå departementet datert 14. oktober 2009 med tilbakemelding om årsrapport, etterlyser departementet om det er gitt føringar frå fylkeskommunen om målgruppa kvinner og ungdom for kommunale næringsfond.

### **2. VURDERING**

At kvinner og ungdom er sentrale målgrupper for kommunale næringsfond (og tilskot gjennom Innovasjon Norge) har vore ei føring både frå departementet og fylkeskommunen – sjølv om det ikkje er blitt skrive i retningslinene. Og mange kommunar omtalar allereie desse målgruppene i kommunane sin eigne retningsliner. Vi ser likevel at det er nødvendig å presisere dette i fylkeskommunen sine retningsliner for kommunale næringsfond, for å auke fokuset på desse viktige målgruppene.

### **3. KONKLUSJON/TILRÅDING**

Fylkesdirektøren rår til at det vert teke inn eit nytt punkt i retningslinene for kommunale næringsfond som lyd slik:

*Kvinner og ungdom er ei prioritert målgruppe ved tildeling av midlar frå kommunale næringsfond. Desse målgruppene bør nemnast særleg i kommunane sine eigne retningsliner for kommunale næringsfond, og i utlysingstekstar m.m.*

Fylkesdirektøren får fullmakt til å innpasse teksten i eige punkt i retningslinene.